

---

**Fra:** J.William Kay <jwkay@me.com>  
**Sendt:** onsdag 27. november 2019 09.09  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Dårleg ferist på Kvistevegen

Vil melde om at ein av feristane langs Kvistevegen er i svært dårlig forfatning. Risten det gjeld er den som ligg nærmast Kvistevegen 132, den første i retning Kviste etter Bogatunet.

Risten ber tydeleg preg av å ha fått mykje juling med deformasjon av mange av røra. Deler av risten ligg lågare enn vegbana, andre deler høgare. Fleire av røra har anten knekt eller har synlege sprekkar. Det manglar også minst eitt festeelement mellom røra.

Å køre over denne risten i noko stort meir enn 15 km/t vert opplevd ikkje berre som ubehageleg men også skummelt. Dette er spesielt problematisk for dei som ikkje er kjende med vegen, som elles har god standard takka vera ny asfalt. Treff ein feristen i 30-40 km/t vert ein redd for å påføre bilen store skadar. Sjølv med låg fart kan ein lure på kor lenge denne risten kjem til å halde.

Eg hadde vore takksam dersom kommunen sine folk kunne kontrollere tilstanden og utføre naudsynte utbetringar, slik at denne risten vert like bra som dei andre langs Kvistevegen.

Vedlagd nokre bilete som syner skadane og tilstanden generelt.

Med helsing,

J.William Kay,  
Kvistevegen 193.



